



# Mønster overalt - Vevd rosesaum

Tekstilkunstnaren Brita Been fortel om veggteppet Vevd Rosesaum som heng i foajeen på Bø sjukeheim. Veggteppet er 430 cm langt og 190 cm høgt. Dette er eit av teppa i hennar teppeserie Arvestykker - og er ein del av eit utsmykkingsoppdrag ved Bø sjukeheim. Arvestykker tek utgangspunkt i Telemarks folkekunst, særleg bunadstradisjonen og rosesaumens variasjonar. Denne serien er ein hyllest til kvinners arbeid og den skapande overfloda det representerer i den tekstile folkekunsten.

**Fredag 21. mars:  
Hello (kafeen) på Bø sjukeheim kl. 11.00**

Gratis inngang og servering av kaffe og kake til dei frammøtte.  
Alle seniorar og andre interesserte i kommunen er velkomne.